



Innkalling til Formannskapet

Møtedato: 12.06.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.30

Formannschaftsmedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Næringsrådgjevar John Fredrik Wallace skal orientere om prosjektet «Grundersporet»

Sakliste

Saknr	Tittel
41/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
42/2019	Godkjenning av møteprotokoll
43/2019	Referatsaker
44/2019	Aktuelle saker
45/2019	Orientering av rådmannen
46/2019	Orientering om status Alver kommune
47/2019	Økonomisk rapportering 1. tertial 2019
48/2019	Godkjenning av avtale om tenestetilbod - Meland kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt
49/2019	Bygging og finansiering av ny hovudvassleidning langs Mjåtveitvegen
50/2019	Sambandet vest - Forslag til planprogram for kommunedelplan

4. juni 2019

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/1183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
41/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/1183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
42/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 22.05.2019

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 22.05.2019 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/1183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
43/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
43/2019.1	Tilskot til trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring 2019
	Notat tildeling av kontrakt fiber vert delt ut i møte U/offentleg

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind H. Oddekalv		19/1183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
44/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild		19/1183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
45/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019

Orientering av rådmannen

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild		19/1183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
46/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019

Orientering om status Alver kommune

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Hans Petter Helgesen	FE-210	19/1284

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
47/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019
	Kommunestyret	PS	

Økonomisk rapportering 1. tertial 2019

Vedlegg:

Tertialrapport Meland 1 tertial 2019- V5

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vedlagt følgjer rapport per 1. tertial 2019 med økonomisk og finansiell status, samt diverse nøkkeltal per 30.04.2019.

Rapporten har følgjande hovuddeler:

1. Status drift per tenesteområde med framlegg til budsjettjustering
2. Status investeringsprosjekt
3. Framlegg til budsjettendringar investeringsprosjekt
4. Finansrapporten som finansreglementet krev at vi skal legge fram kvart tertial.
5. Diverse ikkje-økonomiske nøkkeltal

Vurdering

Per 30.04.2019 viser driftsrapport med prognose at vi ventar eit meirforbruk på kr 1,18 mill samla for året. Meirforbruket fordeler seg mellom skulene med kr 0,7 mill og Helse 0,3 mill. PUK og Marihøna barnehage rapporterer mindre avvik. Heimetenestene og sjukeheimen har hatt høgt aktivitetsnivå, men har så langt dekkja dette innafør gjeldande rammer. Totalt gjer rådmannen framlegg om å auke ramma til fordeling på tenesteområda i budsjettet for 2019 med kr 1,18 mill.

Rådmannen forventar auke i inntekter frå skatt og rammetilskot utover gjeldande budsjett for 2019. Høgare skatteanslag nasjonalt i revidert nasjonalbudsjett, og høgare folketal 1/1-2019 enn rekna med i budsjettet, gjer forventa inntektsauke på kr 2,9 mill til Meland kommune.

Inntektsauken foreslås å finansiere auka ramme til tenesteområda med kr 1,18 mill, samt styrke

disposisjonsfondet med kr 1,72 mill.

Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2018 på kr 26,1 mill. Ved utgangen av 2019 budsjetteres det med kr 9,7 mill i fondet. Med rådmannens forslag vert fondet auka til kr 11,4 mill ved årsslutt.

Investeringsrapport per 1. tertial viser at det er påløpt kr 17,5 mill av totalt investeringsbudsjett på kr 261,3 mill. for 2019. Ingen prosjekt har vesentleg meirforbruk samanlikna med budsjett.

På ein del investeringsprosjekt er ikkje framdriften slik den var planlagt i budsjettet, og rådmannen gjer framlegg om å redusere investeringsbudsjettet samla med i alt kr 22,4 mill. I framlegget ligg det nye prosjekt for kr 4,1 mill, nytt låneopptak startlån kr 7,0 mill, og reduksjon av enkeltprosjekter og overføring til 2020 på kr 33,5 mill. Summen som foreslås overført til 2020 utgjer kr 30,6 mill, og vil bli lagt inn i budsjettframlegget for 2020.

Finansdelen i tertialrapporten viser at finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen er innanfor gjeldande finansreglement.

Sjå elles vedlegget for status på ulike nøkkeltal i den vedlagte tertialrapporten.

Oppsummering av framlegg til budsjettendringar:

Framlegg til vedtak:

Driftsrekneskapen:

1. Auke i inntekter frå skatteanslag i revidert nasjonalbudsjett og befolkningsvekst kr 2,9 mill.
2. Auke utgiftsramma til tenestoområda delegert til rådmannen å fordele: kr 1,18 mill.
3. Reduksjon i bruk av disp.fond med kr 1,72 mill.

Investeringsrekneskapen:

4. Auke i investeringsprosjekt 253 og nye prosjekter innan skule, barnehage og V/A kr 4.088.000,-
5. Reduksjon 2019 og overføring av investeringsmidlar til 2020 på følgjande prosjekt nr 380, 544, 578, 601, 654, 676, 677. Samla kr 33.492.000. Sjå vedlegg for spesifikasjon per prosjekt.
6. Auke startlån (for vidareutlån) kr 7.000.000,-.

Endring i finansiering slik:

Reduksjon i mva-refusjon kr 1.311.000,-

Reduksjon i bruk av lån kr 28.094.000,-

Auke i lån frå husbanken kr 7.000.000,-

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FA-X31, TI-&10, TI-&01	18/2131

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019
	Kommunestyret	PS	

Godkjenning av avtale om tenestetilbod - Meland kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Vedlegg:

Avtale om tenestetilbod mellom Meland kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I politireforma er det førebyggjande arbeidet ein av dei viktigaste kvalitative endringane som skal gjennomførast og skal derfor ha stort fokus. I samband med dette arbeidet skal det utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd. Avtalen skal regulera arbeidet både på operativt og strategisk nivå. Avtalen skal tilpassa behovet i kvar enkelt kommune, men stort sett omhandle dei same tema.

Tenesteavtalen mellom Meland kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt omhandlar følgjande:

- Konkret tenestetilbod
- Politikontakten si rolle
- Politiråd
- Forventningar til samarbeid
- Særskilte fokusområder
- Organisering av samarbeidet

Vurdering

Rådmannen vurderer tenesteavtalen som eit godt fundament for korleis kommunen og politiet skal samarbeide om det førebyggjande arbeidet. Rådmannen rår til at tenesteavtalen blir godkjent.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtalen om tenestetilbod mellom Meland kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA-M21	19/1237

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
49/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019
	Kommunestyret	PS	

Bygging og finansiering av ny hovudvassleidning langs Mjåtveitvegen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vassleidningsnettet på Frekhaug omfattar hovudsakleg eldre leidningar med små dimensjonar. Dei seinare åra er delar av nettet blitt oppgradert, mellom anna frå Varnappen til Frekhaug senter. Vår/sumar 2019 vert også vassleidningane i Holtermandsvegen og langs Mjåtveitvegen frå Varnappen til Badevika oppgradert i samband med prosjekt: 668 Overvasshandtering Holtermandsvegen og 792 Fortau Mjåtveitvegen. Desse oppgraderingane gjev tryggare vassforsyning og betre brannvassdekning på Frekhaug. Samtidig er det framleis behov for ytterlegare oppgraderingar, og som utgangspunkt ønskjer Rådmannen og gjere slike oppgraderingar i samband med andre infrastrukturprosjekt for å gje samdriftsfordelar og lågare kostnader.

I desember 2018 tok Egill Danielsen Stiftelse kontakt med Meland kommune for å få realisert detaljregulering for Danielsen skule vedteke 10.05.17. VA-rammeplanen viser at skulen ikkje vil få tilstrekkeleg med brannvatn ved tilkopling til dagens leidningsnett i område grunna for små leidningar. Dersom skulen skal byggast vil det vere eit krav om at brannvatn vert sikra.

For å få nok brannvatn må det leggjast ny hovudvassleidning frå Mjåtveitvegen v/Paktamyra til ny kum nær skulen. Som nemnt over er brannvassdekninga på Frekhaug ikkje god nok i fleire område, og ei ny hovudleidning frå Badevika til Paktamyra vil vere viktig for mange fleire brukarar enn berre Danielsen skule.

Vurdering

Det er kommunal praksis å sette krav til at utbyggarar byggar og kostar eit eige fordelingsnett for VA i dei enkelte byggefelt. Då vert det nye fordelingsnettet tilkople eksisterande kommunal hovudvassleidning. I Danielsen sin situasjon vert bilete annleis grunna at det ikkje finst ein kommunal hovudvassleidning med tilstrekkeleg dimensjon som dei kan kople seg på. Denne må byggjast, og det mest hensiktsmessige vil vere å bygge leidningen før den nye skulen til Danielsen vert bygd ut. Dette fordi leidningen bør leggjast under eit nytt fortau som skal byggast langs Mjåtveitvegen ved den nye skulen. Fortauet er eit krav i reguleringsplanen til Danielsen skule og må vere på plass før den nye skulen kan takast i bruk.

Ettersom legging av vassleidninga vil inkludere grunnarbeid og overvasshandtering for fortau og veg, meiner Rådmannen at det her vil vere fordelaktig å inngå ei utbyggingsavtale med Danielsen skule som avtalefester ei fornuftig kostnadsdeling av anlegget. Samtidig vil kostnaden til vassleidning og grøft utgjere størstedelen av kostnaden med anlegget, og avtalen må reflektere dette. Avtalen vil også omfatte rekkefølgekrava til Danielsen skule som hovudsakleg omfattar bygging av fortau langs Mjåtveitvegen og ei mindre vegutviding.

Det er gjort følgjande kostnadskalkyle for vassleidningsprosjektet basert på erfaringstal for liknande prosjekt:

	m	kr	sum
Grøftepris inkl røyr	415	7500	3 112 500
Prosjektering	5 %		155 625
Sum			3 268 125
Usikkerheit	10 %		326 813
Sum kostnadsestimat			3 594 938
Avrunda			3 600 000

Rådmannen anbefaler at det vert løyvd 3,6 mill kr til prosjektet. Prosjektet vert finansiert over investeringsbudsjettet for vatn. Grunna mindreforbruk på fleire andre vassprosjekt i 2019 vil det ikkje vere nødvendig å låne inn meir midlar for å dekke finansiering av prosjektet. Årsaka til mindreforbruket er at fleire andre prosjekt er seinka med omsyn til opphavelag framdriftsplan, og delar av kostnadene vil først kome i 2020.

Avtale om tilbakebetaling av meirverdiavgift

Etablering av vassleidninga vil vere eit kommunalt prosjekt der kommunen er byggherre og har det fulle ansvaret for gjennomføringa. Medan fortau og veg, jf. rekkefølgekrava i reguleringsplanen, vil vere Danielsen sitt ansvar å bygge. Når Danielsen sjølv er byggherre for prosjektet vil det vere mogleg å inngå ein såkalt justeringsavtale om meirverdiavgift. Rådmannen er positiv til å inngå justeringsavtale med Egill Danielsen Stiftelse for dei offentlege infrastrukturiltaka stiftinga bygger i samanheng med bygging av Danielsen skule. Rådmannen ser fleire fordeler ved bruk av ein slik avtale: Den gir lågare kostnad for utbygger, gjer det lettare å få bygd ut offentlig infratraktur samt gir eit meir positivt forhandlingsklima.

Hovudprinsippa i ein justeringsavtale er som følgjer:

- utbygger prosjekterer, bygger og kostar infrastrukturanlegga
- utbygger betaler mva til staten på vanleg måte for arbeida
- utbygger og kommunen inngår ein avtale om overføring av såkalt «justeringsrett» for mva
- arealet der tiltaket er utført, f.eks eit fortau som utbygger har opparbeida, vert overført vederlagsfritt til kommunen
- når kommunen har overtatt anlegget/eigedomen, og det er inngått ei avtale etter justeringsmodellen mellom kommunen og utbygger, kan kommunen foreta ei såkalt «justering» av meirverdiavgifta
- justeringa inneberer at kommunen kan kreve refundert frå staten den meirverdiavgifta som utbygger har betalt til staten i samband med bygginga av anlegga
- tilbakebetalinga skjer over ei 10 årsperiode med 1/10 kvart år i 10 år
- kommunen kan vidarebetale heile eller deler av den refunderte momsens til den aktuelle utbyggaren
- kommunen sin avgiftsposisjon kan følgeleg kome utbygger til gode

Ein eventuell justeringsavtale vil truleg inngås med nye Alver kommune, ettersom det er lite

sannsynleg at infrastrukturtiltak i samband med skulebygginga vert ferdigstilt i år. Ein føresetnad for avtalen vil vere at den følgjer Alver kommune si til einkvar tid gjeldande politiske sak / prinsippvedtak om justeringsavtaler, og at avtaleinngåinga for øvrig følgjer dei til einkvar tid gjeldande lover og forskrifter.

Folkehelse – ikkje relevant

Miljø – ikkje relevant

Økonomi – går fram av saksutgreiinga

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit eige prosjekt “Vassleidning Mjåtveitvegen” med ei ramme på 3,6 millionar kroner eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for vatn. Kommunestyret er positive til å inngå justeringsavtale om meirverdiavgift for dei offentlege infrastrukturanelegga Egill Danielsen Stiftelse skal opparbeide.”

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
John Fredrik Wallace	FE-026, FE-131	19/1176

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
50/2019	Formannskapet	PS	12.06.2019

Sambandet vest - Forslag til planprogram for kommunedelplan

Vedlegg:

Høyringsutkast - Kommunedelplan for Sambandet Vest - Planprogram og silingsrapport
Sambandet Vest-Silingsrapport-Høyringsutkast

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen har utarbeida forslag til planprogram for kommunedelplan for Sambandet vest. Planprogrammet inneheldt bakgrunn og målsetting for planen og informasjon om konsekvensutgreiing, organisering, medverknad og framdrift i planarbeidet. Føremålet med kommunedelplanen er å velje ein trasé for nytt vegsamband frå Askøy, via Meland til Radøy.

Arbeidet med planen er forankra i kommunestyret og Fellesnemnda for Alver kommune.

Kommunedelplan for Sambandet Vest er eit interkommunalt fylkesvegprosjekt der kommunane Askøy, Meland, Radøy og Lindås er planmynde etter plan- og bygningslova (pbl). Planarbeidet er forankra i kommunestyret i kommunane, samt vedteke i Fellesnemnda for Alver kommune. Finansieringa til planarbeidet er gitt av Fellesnemnda gjennom midlar frå KMD. Føremålet med kommunedelplanen er å velje ein trasé for nytt vegsamband frå Askøy, via Meland til Radøy. Som grunnlag for planarbeidet med kommunedelplanen er det utarbeidd eit forslag til planprogram jf. pbl. og forskrift for konsekvensutgreiingar. Vegsambandet er av eit slikt omfang at det vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og tiltaket skal utgreiast i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing.

Sambandet Vest vart opphavleg etablert for å knytte saman regionane Sotra/Øygarden, Askøy og Nordhordland i eit felles bu- og arbeidsmarknad for å styrke grunnlaget for næringsutvikling og busetting i desse regionane. Med dette ville ein styrke transportberedskapen i Bergensområdet og avlaste Bergen sine sentrale delar for gjennomkøyring. Sidan 2012 er det lagt ned arbeid i prosjektet. Det er utarbeidd eit forprosjekt med tilleggsutgreiing der det mellom anna er sett på brualternativ, transportmodellar og finansieringsløyisingar. Det er og lagd fleire illustrasjonar, samt gjort seismiske undersøkingar ved Herdla og Bognestraumen. I 2016 ble det utarbeidd ein konseptanalyse der det vart gjort kartleggingar og vurdert ulike konsept for sambandet som også innebar kryssing sør på Askøy/Meland. I løpet av vårparten 2019 er det utarbeida ein silingsrapport av ulike traséalternativ

(vedlegg til dette planprogrammet) som er grunnlag for dei tilrådde alternativa som skal utgreiast i planarbeidet.

Forslag til planprogram

Det er vedteke at arbeidet med KDP for Sambandet vest skal settast i gong. Utarbeiding av planprogram er første fase i planarbeidet, og er obligatorisk ved oppstart av alle kommunedelplanar. Planprogrammet skal klargjere føremålet med planarbeidet, og avklare rammer og premiss for arbeidet. Planprogrammet skal gje ei oversikt over kva alternativ som skal utgreiast, tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet, og kva utgreiingar som må til for å synleggjere vesentlege verknadar av tiltaket. Planprogrammet skal også presentere eit opplegg for informasjon og medverknad frå råka parter, innbyggjarar og interessentar.

Mål:

Som omtalt i planprogrammet er det vist til overordna mål om regional og nasjonal transportpolitikk. Hovudmålet i prosjektet er definert slik:

Sambandet Vest skal binde saman Askøy og Nordhordland for å leggje til rette for næringsutvikling og busetnad, samt styrkje transportberedskap på det regionale hovudvegnettet.

Med grunnlag i hovudmåla er det formulert effektmål som konkretiserer måla og som nyttast som del av silingskriteria ved val av alternativ, og for å vurdere måloppnåing som del av konsekvensutgreiinga i KDP.

Tiltaket:

I planprogrammet står det at KDP skal avklare utforming av vegtiltaket, der vegstandard avhenger av kva alternativ som vert valt. I utgangspunktet skal det etablerast kryss og tilkomst til dei viktigaste fylkesvegane i området (fv. 223/ 562 Askøy, 564 Holsnøy og 409/565 Radøy). Det skal etablerast gang- og sykkeltilbod langs traséen, samt settast av areal til god kollektivbetening der dette er tenleg. Dersom det vert avdekka trong for fråvik frå gjeldande vegnormalar skal dette godkjennast av vegdirektoratet før planen leggst ut til høyring og offentleg ettersyn. Kostnadsutrekning skal gjennomførast etter SVV sin anslagsmetode, der nøyaktigheit er +/- 25%. Planarbeidet må skissere løysing for massehandtering, men konkrete areal for deponi skal først avklarast i reguleringsplanfasen.

Alternativ:

Planprogrammet viser til vedlegg 1: Silingsrapport. I denne rapporten er det forklart prosessen og argumentasjon for korleis ein har kome fram til dei tilrådde alternativa for utgreiing i KDP. I silingsprosessen vart det forkasta fleire forslag til traséar, men det står att 4 gjennomgåande alternativ med variantar som skal vurderast i KDP med KU. Dette er alternativ: Aa3, Aa4, Ca1 og Ca2. Alle dei fire alternativa som planprogrammet rår til at skal vurderast i konsekvensutgreiinga kryssar Meland på ulikt vis. Det er to alternativ i nord mellom bru A som kjem frå nordre Askøy og over søre del av Ypso og bru a som kryssar Bognestraumen mot Radøy. For korridor Aa legg planprogrammet i tillegg opp til ei vurdering av ulike variantar for passering av grendene Rossland og Vikebø.

Dei to alternativa knytt til sørleg kryssing av Herdlefjorden (bru C) er knytt til kryssinga av Bognøystraumen (bru a) enten i ein trasé som går langs vestsida av Holsnøy (Ca1) eller langs austsida (Ca2) via nytt samband mellom Moldekleiv og Landsvik. Uavhengig av om Sambandet skal følgje austsida av Holsnøy eller ikkje så skal ei kopling mellom Moldekleiv og Landsvik vurderast i kommunedelplanen eventuelt som ny lokalveg. I optimaliseringa av traséane i starten av arbeidet KDP, kan det verte aktuelt å vurdere nye variantar som ikkje har vore vurdert i planprogram med silingsrapport. Sjå kap. 6.3 i planprogrammet for alternativa som skal vurderast nærmare. I silingsrapporten kjem det fram argument for kvifor andre løysingar er forkasta.

Program for utreiingar:

Planprogrammet skisserer opplegg for utgreiing, der Statens vegvesen si handbok V712 skal leggest til grunn for konsekvensutgreiinga. Denne samfunnsøkonomiske metoden går ut på å vurdere prissette konsekvensar (verknader som kan målast i kroner) og ikkje-prissette konsekvensar (verknadar som ikkje kan bereknast i kroner, som til dømes verdiar innan friluftsliv, naturmangfald og kulturarv) som tiltaket vil føre til. Verknadane skal vurderast opp mot eit referansealternativ, eit såkalla 0-alternativ (som betyr dagens situasjon inkl. planar som allereie er vedtekne og realiserbar for området). I tillegg skal det vurderast lokale og regionale verknadar, samt ROS-analyse. Til slutt skal alternativa vurderast opp mot måla i prosjektet (måloppnåing). Til saman skal desse vurderingane vere eit grunnlag for tilråding av alternativ.

Organisering og medverknad:

Det er etablert ei politisk styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe som held fram med arbeidet med KDP (representantar frå kommunane), i tillegg skal det kallast inn ei ekstern referansegruppe etter kvart. Silingsrapporten (vedlegg til dette planprogrammet) vart forankra i politisk styringsgruppe i møte 1. april 2019. Planprogrammet skisserer denne førebels framdriftsplanen KDP Sambandet vest:

Planlagt fremdrift	Tidspunkt
Melding om oppstart planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn	Juni 2019
Høyring planprogram	Juli-august 2019
Vedtak planprogram	September 2019
Utarbeiding av kommunedelplan med KU	Haust 2019 – haust 2020
Framlegg av kommunedelplan til offentleg ettersyn	Vinter 2021
Vedtak kommunedelplan	Vår 2021

Vurdering

Folkehelseperspektiv:

I konsekvensutgreiinga vil verknadar på folkehelsa utgreiast som del av tema «friluftsliv og bygdemiljø (rekreasjon)». Temaet omfattar område med verdi for allmenta si høve til å drive friluftsliv som ein aktivitet som fremjar helse, og som skapar trivsel i både skog, mark og nærmiljø.

Blant anna kan positiv effekt nåast ved å gjere det meir attraktivt å gå/sykle i kvardagen, samtidig som eksisterande bumiljø tett opp til det planlagde vegsambandet kan råkast negativt ved endring i støy/luftforureining.

Miljø: Nytt samband med nye bruer vil sannsynleg ha direkte negativ effekt på fleire av dei ikkje-prissette tema landskapsbilete, naturmangfald, naturressurs og kulturarv ved arealbeslag.

Konsekvensutgreiinga som skal utarbeidast i planarbeidet vil synleggjere tiltaket sin påverknad på miljøet.

Økonomi:

Som del av konsekvensutgreiinga vil dei prissette konsekvensane bli vurdert samla i ein nytte-kostnadsanalyse. Statens vegvesen sitt standardprogram EFFEKT skal nyttast som verktøy i vurderinga, der det vert lagt vekt på kostnader og inntekter (nytte) for trafikantar, operatørar, det offentlege og resten av samfunnet.

Saksopplysningar:

Etter handsaming i Formannskapet blir oppstart av planarbeidet med KDP kunngjort, og forslag til planprogram lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til råka mynde og organisasjonar. Merknadsfristen er minimum seks veker. Innbyggjarar, høyringsetatar og andre råka partar kan då kome med merknadar til planprogrammet og innspel til planarbeidet. Etter høyringsperioden vil Rådmannen oppsummere innkomne merknadar og innspel, og eventuelt revidere planprogrammet før det leggst fram for Formannskapet for endeleg fastsetting. Planprogrammet leggst til grunn for det vidare planarbeidet med kommunedelplan (KDP) og tilhøyrande konsekvensutgreiing (KU).

Framlegg til vedtak:

Formannskapet sluttar seg til at framlegg til planprogram for kommunedelplan Sambandet vest, datert 04.05.19, leggst ut på høyring og til offentleg ettersyn. Samtidig varslast oppstart av arbeidet med kommunedelplan for Sambandet vest. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova § 12-9, samt forskrift om konsekvensutgreiing § 6.